

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 05.12.2018, kl.14.00  
Møtestad: F-salen, rådhuset.  
Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Ståle Eikrem. Grete Melseth (vara) møtte i sak 20/18

**= 5 voterande.**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå Kommunerevisjon3 møtte konst. leiar Kurt Løvoll og revisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Til saklista valde kontrollutvalet å fyrst handsame sak 18, deretter sak 22, 19, 20 og 21.

---

**Sak 18/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.10.2018**

Karen Elise Matheson bad om ei presisering av sak 17/18 om korleis denne var handtert. Leiar Rolf Bergmann orienterte kort om kontakta med Rådet for funksjonshemma.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:**

Møteboka frå møte 15. oktober 2018 blir godkjent.

---

**Sak 22/18 - Møteplan for Sykkylven kontrollutval 2019**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

13. februar, 9. april, 15. mai og 21. august, alle dagar kl. 14.00.

## **Sak 19/18 - Revisjonsstrategi 2018 Sykkylven kommune**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28.november 2018.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Sykkylven kommune, og peiker på at det er viktig at dette blir teke med vidare.

---

## **Sak 20/18 - Påstandar om feil ved sal av bustader gjennom Sykkylven Bustadselskap AS – oppfølging av sak 14/18**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. november 2018.

Torill Velle bad om å få vurdert habiliteten sin og forlet møtet. Dette var knytt til hennar styreverv i Sykkylven Bustadselskap AS. Kontrollutvalet kjende henne inhabil. Grete Melseth (vara) tiltredde møtet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sykkylven kontrollutval tek saka til vitande, og ynskjer at kommunestyret blir gjort kjent med problemstillingane som blir omtala. Særskild gjeld dette prinsippet om varsemnd knytt til habilitet.

Saka blir å sende uavkorta som referat til kommunestyret.

---

## **Sak 21/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. november 2018.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sykkylven kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande, og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

---

**Eventuelt:**

Kontrollutvalet ynskjer på neste møte ei orientering frå rådmann om korleis Sykkylven kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit. Sykkylven kontrollutval er opptatt av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles ha god tilgang til informasjon og korrespondanse. At ein likevel med heimel i lov må unnta enkelte saker, knytt til mellom anna personar eller forretningsdrift, er sjølv sagt.

Møtet var slutt kl. 15.10

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

Roger Welle  
medlem  
(sign.)

Karen Elise Matheson  
medlem  
(sign.)

Torill Velle  
medlem  
(sign.)

Ståle Eikrem  
medlem  
(sign.)